



1. tertial 2017

Økonomistatus for Kvam herad per 1. tertial 2017

Kommunelova §47 omhandlar årsbudsjettet si binding for underordna organ i 1. ledd.

2. ledd seier at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få påverknad for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal administrasjonssjefen gje melding til heradsstyret.

3. ledd seier at dersom heradsstyret får ei slik melding, skal det føreta nødvendige endringar i budsjettet. Det same gjeld når heradsstyret på annan måte vert kjend med forhold som kan medføre vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve budsjettet.

Innhold

1	Endringar i driftsbudsjett	3
1.1	Risikovurdering av driftsbudsjett	4
2	Endringar i investeringsbudsjett	7
3	Balansevurderingar	9
4	Søknadar om støtte	10
5	Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - april	10
6	Økonomisk hovudoversikt - drift.....	11
7	Skjema 1A.....	13
8	Skjema 1B.....	14
8.1	Fordeling per Kostra-tema, ekskl. sosiale kostnader og avskrivning	14
8.2	Fordeling per Kostra-tema, sosiale kostnader og avskrivning	15
9	Økonomisk hovudoversikt - investering	16
10	Skjema 2A.....	18
11	Skjema 2B.....	18
11.1	Investeringar utan prosjekt.....	18
11.2	Nye investeringsprosjekt	18
11.3	Aktive investeringsprosjekt.....	19
11.4	Aktive skule- og barnehageprosjekt	19
11.5	Aktive VA-prosjekt	20
12	Statuskommentar til budsjettvedtak, HST-108/16	21
13	Vedlegg.....	26

1 Endringar i driftsbudsjett

Det var budsjettert med eit netto driftsresultat på 6,6 mnok¹ for 2017. Ein reduksjon i statlege inntekter på 4,5 mnok på skatt (3,5) og rammetilsot (0,9) i revidert nasjonalbudsjett, gjev eit dårlegare resultat. Ei rekkje andre budsjettendringar medfører ei forverring i netto driftsresultat på 2,7 mnok. Nytt budsjettert netto driftsresultat for 2017 er på 3,9 mnok.

Erfaringar frå 2016 viste at VA-inntektene var underbudsjettert, og inntektene i 2017 er oppjustert med 4,7 mnok. Inntektene vert sett av på bunde VA-fond. Nivået på byggjesaksinntekter er og oppjustert med 0,25 mnok i tertialen. Kommunen har inngått avtale om samarbeidsavtale med Eidfjord og Ulvik om IT-tenester, noko som gjev kommunen 0,9 mnok i inntekter. Finansinntektene er og auka med 0,5 mnok etter at utbyttet frå BKK AS vart høgare enn budsjettert.

Totalt er det ein auke på 2,6 mnok i inntekter medan utgiftene auka med 3,2 mnok. Den største enkeltauken er 2 mnok i utbetaling av spelepengar til skytebanen i Vangdalsåsen, som er tildelt midlar tidlegare enn forventa. I tillegg er det vedteke ei forskottering på 1 mnok, som er oppretthalden. Løn og sosiale utgifter er auka med 0,9 mnok og kjøp med 2,4 mnok.

Samstundes med 1. tertial, vert det og lagt fram eit utkast til økonomiplan for 2018-2021 i ei eiga sak, med status for vedtekne innsparingar og nye/endra framlegg til innsparingar.

Netto er avsetning til disposisjonsfond redusert med 7,5 mnok, medan bruk av bundne fond er redusert med 4,8 mnok (VA-fond). Det er ein relativt stor reduksjon i avsetningar til disposisjonsfond, men med avsetning frå 2016 og mogleg betring i 2. tertial, finn rådmannen det forsvarleg å redusera den planlagde avsetninga i 1. tertial.

Det er foreslått oppretta eit nytt prosjekt i tertialen, P19172 Lean – fase 2, til dekking av kjøp av opplæring av fleire Lean-navigatørar og leiarutvikling, i samarbeid med KS Konsulent. Ramma på 1 mnok ekskl. mva. skal i tillegg til å dekkja konsulentkjøp, gå til frikjøp og kursutgifter. Kvam herad har fått innvilga 0,5 mnok i OU-midlar til finansiering av prosjektet, og rådmannen foreslår å bruka 0,5 mnok av disposisjonsfond til å finansiera resten.

¹ mnok = millioner norske kroner

1.1 Risikovurdering av driftsbudsjett

I samband med budsjettet for 2017, vart det laga ei risikovurdering for 2017. I tabellen nedanfor ligg vurdering som vart gjort i kolonna «BUD», og ei ny vurdering er gjort etter fyrste tertial (1T17).

	BUD	1T17	1T17	1T17	
<i>Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret</i>	<i>Risiko-nivå (0-9)</i>	<i>Sann-syn (0-3)</i>	<i>Konse-kvens (0-3)</i>	<i>Risiko-nivå (0-9)</i>	<i>Kommentar 1. tertial</i>
Prisnivå brukarbetalingar/ salsinntekter - Statlege satsar på barnehageplass og HO-tenester - Fastsett husleigeauke, 4 % frå 1.5. (konsumprisindeks august - august) - Satsar sjølvfinansierande tenester er fastsett v/bruk av sjølvkostprogram - Sal konsesjonskraft basert på prognose frå kraftmeklar (CA 214 kr /Mwh)	2	1	1	1	Ingen større endringar i prisnivå på statlege satsar. Nivået på kraft vert truleg høgare på grunn av inngåtte fastpriskontraktar på konsesjonskraft.
Etterspurnad brukarbetalingar/ salsinntekter - Som regel stor etterspurnad etter alle kommunale tenester – heller avgrensa av kapasitet og regelverk enn underforbruk	2	1	1	1	Auka etterspurnad på barnehageplassar. Høgare forbruk vassmålarar.
Refusjonsinntekter - Inntektene er som regel forsiktig budsjettert. Det vil seia at dei fyrst vert lagt inn i budsjettet når dei er tildelt. Endringar i inntekta medfører som regel nokolunde tilsvarande endring i utgifter som mva.kompensasjon	4	2	2	4	Passa på å tilpassa utgifter til endringar i refusjonsinntekter
Rammetilskot - Kommunen nyttar KS sin prognosemodell - Endring etter Stortinget si handsaming - Endring etter folketal	6	1	2	2	Justert i 1. tertial for budsjettforlik og revidert nasjonalbudsjett (RNB). Kan framleis koma endringar i inntektsutjamning.
Andre statlege overføringer - Sal heimfallskraft basert på prognose frå kraftmeklar (ca. 214 kr/Mwh)	6	1	2	2	Inngått avtalar om fastpris som ligg over budsjettpris. Vet truleg oppjustert i 2. tertial.
Andre statlege overføringer - Vertskommunetilskot - Tilskot flyktningar – mottak fleire/færre	4	2	2	4	Vertskommunetilskot er kjent, litt over budsjettert. Tilskot flyktningar vert vurdert på nytt i 2. tertial
Andre overføringer	4	2	2	4	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter

<i>Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret</i>	<i>Risiko-nivå (0-9)</i>	<i>Sann-syn (0-3)</i>	<i>Konse-kvens (0-3)</i>	<i>Risiko-nivå (0-9)</i>	<i>Kommentar 1. tertial</i>
Skatt på inntekt og formue - Kommunen nyttar KS sin prognosemodell med vekst på 2,3 % - Endring etter Stortinget si handsaming - Endring i skatteinngang i løpet av året	9	2	2	4	Justert i 1. tertial for budsjettforlik og revidert nasjonalbudsjett (RNB). Kan framleis koma endringar i skatteinntektene.
Eigedomsskatt - Brukt 7 promille på verk og bruk - Brukt 4 promille på bustader og hytter - Grunnlag kraftverk klart (red. E-skatt med 1,7 mnok). Kan koma ytterlegare nedgang	4	1	2	2	Bruka LVK til å ivareta E-skattegrunnlag for kraftverk
Konsesjonsavgift - Fastsett for 5 år om gangen, indeksregulering	1	1	1	1	Ikkje større endringar frå år til år, jamn vekst.
Lønsutgifter - Lagt inn lønsvekst på 2,7 % - Hovudforhandlingar med verknad frå 1.8.17 - Gjennomføra innsparingskrav	6	2	2	4	Lønsveksten vert truleg lågare (2,4 %?), og ein del innsparingskrav er gjennomført, risikonivå er difor nedjustert.
Sosiale utgifter - Pensjon er i tråd med prognosar frå KLP og SPK (sjå eigen omtale) - Arbeidsgjevaravgift avheng av lønsutgifter og pensjonsstorleik	6	2	2	4	Nye pensjonsprognosar viser lågare utgifter i 2017, som er innarbeidd i 1. tertial.
Kjøp av varer/tenester - I statsbudsjettet ligg det inne ein prisvekst på 2,2 % - Utgiftene vert ikkje auka med ein generell vekst, men vert vurdert konkret i høve avtalar og liknande.	4	2	2	4	Ikkje gjort større endringar i tertial, men avventar evt. nedjustering til 2. tertial. Kjøp av vikartenester er redusert i høve 2016, men er framleis ei utfordring.
Overføringar - Mva-kompensasjonsutgifter er lik inntektene 1-1	1	1	1	1	Evt. endring gjev tilsvarande endring i utgifter.
Overføringar - Kjøp konsesjons- og heimfallskraft skjer til prisar som vet fastsett i januar, med unntak av energiledd	4	3	1	3	Noko endring, men avventar justering til 2. tertial.
Renteinntekter - Avkastning på obligasjonar basert på erfaring og inkl. krav til ytterlegare avkastning	4	2	2	4	Avventar justering til 2. tertial
Utbytte - Nivå frå Kvam kraftverk AS fastsett - Nivå frå BKK AS signalisert	2	1	1	1	Motteke 0,5 mnok meir i utbytte frå BKK.
Renteutgifter - Det er brukt rentenivå på eksisterande låneavtalar - Nye lån budsjetttert med 2 %	6	1	3	3	Gjort rentebindingar under budsjetttert nivå

<i>Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret</i>	<i>Risiko-nivå (0-9)</i>	<i>Sann-syn (0-3)</i>	<i>Konse-kvens (0-3)</i>	<i>Risiko-nivå (0-9)</i>	<i>Kommentar 1. tertial</i>
Avdragsutgifter - Minstefrådrag på 3,5 % av lånesaldo	3	1	2	2	Gjeldsopptak vert sannsynlegvis ikkje høgare enn budsjettert
Budsjetteringsfeil	4	1	2	2	I 1. tertial er det justert for ei fordobling av innsparingskrav (0,9 mnok), og underbudsjettering av VA-inntekter (ca 4 mnok)
Innsparingskrav - Gjennomføra krav	4	2	2	4	Innsparingskrav er fordelt og ein del gjennomført, men det står ein del arbeid att, og marginane i drifta er redusert.
Enkeltsaker	4	2	2	4	Ingen større saker så langt i 2017, men det kan fort endr seg.
Beredskapssituasjonar	3	1	3	3	Sannsynet er lite, men konsekvensane kan verta store, og risikonivået vert oppretthalde.

2 Endringar i investeringsbudsjett

Det meste av investeringsbudsjettet gjeld spesifikke investeringsprosjekt. Det kan verta relativt store endringar i årsbudsjettet på grunn av endringar i tidspunkta for gjennomføring av prosjekta.

Utanom investeringsprosjekt, ligg kjøp og sal av eigedomar, aksjar, formidling av Husbanklån, utlån av egne midlar og eigenkapitalinnskott til KLP i investeringsbudsjettet.

Nye investeringsprosjekt skal i størst mogeleg grad handsamant i budsjett/økonomiplan. Hastesaker vert handsama i tertial, eller som enkeltsak ved heilt spesielle høve. Det same gjeld for utviding av prosjektrammer. I denne tertialen er det foreslått nokre endringar i rammer, innarbeidd tidlegare vedtak og foreslått 5 nye investeringsprosjekt.

Nye investeringsprosjekt i tertialen:

P18172 – Portalløysing – Kvam herad har fått tilbod på ny portalløysing, og treng 0,55 mnok eksl. mva til kjøp av system og bruk av egne ressursar. Foreslått finansiert med lån.

P37171 – Bil hjelpemiddellager. Bilen som hjelpemiddellageret brukar til å køyra ut hjelpemiddel med, må skiftast ut. Bilen er i dagleg bruk, og har omfattande rustskadar og andre feil som krev omfattande reparasjonar. På grunna av utstyret som skal fraktast, må bilen vera over 3 meter innvendig. Kommunen har ikkje noko gunstig leasingavtale på denne typen bil, og ynskjer difor å heller kjøpa ein ny.

P60170 – VA Tangerås kryss ved barnehage – På grunn av rekkefølgekrav i samband med utbygging av ny barnehage, må vass- og avlaupsanlegget oppgraderast. Det er difor foreslått å oppretta eit nytt prosjekt med ei ramma på 2,5 mnok.

P60176 – Investerings tiltak i Steinsdalen – Etter skulenedleggingar i kommunen, har tidlegare skulebygg vorte overført til bygda, eller del av salssum gått til tiltak i bygda som har mista skulen sin. Salssumen må nyttast til investerings tiltak i kommunal regi. I tertialen er det foreslått at det vert oppretta eit investeringsprosjekt i kommunen sin regi på 0,3 mnok eksl. mva., der tiltaket vert bestemt i samarbeid med representantar frå Steinsdalen.

P61179 – Sanering VA-rør langs Fitjadalen. I samband med utbygging av Torebøen vert det meir belastning på VA-anlegget. Det er difor foreslått å byta ut VA-nettet frå avkøyringa i Fitjadalen til avkøyring Steinhus. Prosjektet er rekna til 3,7 mnok eksl. mva, og foreslått finansiert med lån.

Tidlegare vedtak innarbeidd i tertial:

Vedtak om kjøp av kr 50.000 i aksjar i Næringsshagen i Hardanger, er innarbeidd i tertialen.

I tertialen er det foreslått å utvida rammene til følgjande prosjekt:

P18162 – Nytt adm.system – Visma – er foreslått auka med 0,2 mnok til interne utgifter for å ta i bruk eHandelsmodul i Visma. Det viser seg at det er eige arbeid med dette, som ikkje lar seg løysa innanfor dei ordinære driftsrammene. Finansiert med auka låneopptak.

P18171 – Kvalitetssystem – er foreslått auka med 0,2 mnok til interne utgifter for å få inn interne dokument i ein struktur i nytt kvalitetssystem (Compilo). Finansiert med auka låneopptak. I tillegg er ny portalløysing teke ut i eige prosjekt.

P19141 – Hardangerbadet – er endra frå kjøp av aksjar til byggutgifter, som på eit tidspunkt skal overførast til eit kommunalt føretak.

P60159 – VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentrum – Stonde) er foreslått auka med 6,2 mnok til 7 mnok, i tråd med anbod. Auken vert dekkja med auke i låneopptak.

P61116 – Sanering Norheim er foreslått auka med 5,2 mnok, der 0,8 mnok er finansiert med tidlegare avsett tilskott frå Statens vegvesen, og 4,4 mnok er finansiert med lån.

P61120 – VA-leidning kvammapakken (Skipadalen-Tolo) er foreslått utvida med 6,5 mnok til 11,65 mnok, finansiert med lån, der 10 mnok vert overført frå P61170 og det i tillegg er ei rammeutviding på 1,5 mnok.

P61170 – VA-leidning Kvammapakken (Evighetssvingen – Tolo) – er foreslått overført til P61120 (10 mnok)

P62132 – Bårehus Øystese. Innkomne anbod (5,9 eksl.mva + tidlegare utgifter på 0,3) viser at bårehuset vert 2 mnok dyrare enn tidlegare budsjettrammer, . Prosjektutvidinga er foreslått finansiert med 1,9 mnok i auka låneopptak og 0,1 mnok i eigeninnsats frå Kyrkjeleg fellesråd.

Utbygging Øysteseheimen

P60172 – Oppgradering bygg. Det er overført 0,1 mnok eksl.mva. til P60169 – Øysteseheimen

P62172 – Oppgradering brannvarslingsanlegg. Det er overført 0,2 mnok eksl. mva. til P60169 – Øysteseheimen.

P60169 – Øysteseheimen er utvida med 0,75 mnok eksl. mva., i tillegg til overføringane frå P60172 og P62172. Midlane er justert etter anbod og prosjekterreserve på 0,5 mnok.

til oppgradering av brannalarmanlegg i samband med utbygginga.

Andre endringar:

Kvam herad fekk tilbod om å selja sine Tide-aksjar til ca kr 38.000. Salet er gjennomført, og salsinntekta innarbeidd i investeringsbudsjettet. Midlane er foreslått sett av til kapitalfond (25300001).

Kommunen har fått 2,7 mnok ekstra i skjønstilskot til rassikringsarbeidet etter flom. Sidan sikringsarbeidet som vart utført i hovudsak gjekk via investeringsrekneskapen, må inntekta førast her. Tilskotet er foreslått sett av på kapitalfond, konto 25300001.

P61151 – Kryss Tolo – Buspareklubben er uendra i tertialen (ramme 2 mnok), men må endrast i 2. tertial, då føresetnadane er endra ettersom Kvam herad har kjøpt deler av utbyggingsområdet og må rekna med ei større utgift.

3 Balansevurderingar

Kommunen forvalta eigedelar for om lag 2,6 milliardar (mrd) per 31.12.16, der om lag 1,3 mrd var faste eigedomar, anlegg og utstyr. Dei største postane var føremålsbygg som sjukeheimar, omsorgsbustader, skular og barnehagar. Kommunen har omstrukturert og seld fleire bygg seinare år. I 2017 er Steinsdalen skule og Soltorp seld. Skulen vart seld for 0,7 mnok, som er lågare enn balanseverdien, og Soltorp som er nedskriven, vart seld for 2,8 mnok. Skulen i Ålvik er riven i år, og må nedskrivast til 0 (bokført verdi ca 1,2 mnok).

Pensjonsmidlane er den nest største posten (0,8 mrd) og deretter obligasjonar på 0,2 mrd. I tillegg har kommunen eit premieavvik² på 84 mnok. Pensjonsmidlane vert forvalta av pensjonsleverandøren KLP og Statens pensjonskasse (SPK) og obligasjonane av Bergen Capital Management.

Kommunen sine aksjar/andelar var per 31.12.16 verdsett til 81 mnok, og er klassifisert som anleggsmiddel då midlane er plassert i selskap som kommunen har ei næringspolitisk eller samfunnsmessig motivasjon for å engasjera seg i. Dei største postane er i Kvam kraftverk AS (10), BKK AS (50,6) og eigenkapitalinnskott i KLP (18,5). Postane ligg inne til kjøpsverdi, men i samband med årsskiftet skal kommunen vurdere om verdien skal nedskrivast. Det er ikkje høve til å skriva opp anleggsmiddel til marknadsverdi. Etter fleire nedskrivingar i 2015, ser ikkje rådmannen at det er sannynleg med andre, større nedskrivingar i 2017.

Vidare utlån av Husbanklån (startlån) til private låntakarar var per 31.12.2016 på 52 mnok. Kunde krav og kortsiktige krav på 50 mnok. Nokre av desse krava går tapt i løpet av året, og det er sett av eit estimert tap på krav i rekneskapen.

På motsatt sida i balansen utgjer langsiktig gjeld 2 mrd, der 1 mrd er kalkulert pensjonsforplikting. Eigenkapitalen til kommunen har fondsmidlar på 0,2 mrd og på kapitalkonto³ 0,3 mrd. Anna kortsiktig gjeld er på 0,1 mrd.

² Premieavviket er differansen mellom netto pensjonskostnad og innbetalt premie.

³ Kapitalkontoen har ein heilt spesiell funksjon i kommunerekneskapen. Saldoen viser i hovudsak kommunen sin samla eigenfinansiering av anleggsmidlar.

4 Søknadar om støtte

Kvam herad mottek jamleg søknader om støtte. Søknader vert generelt vist til politisk handsaming i samband med budsjett/økonomiplan, og ikkje handsama i tertialar eller i enkeltsaker. Dette fordi søknader om støtte stort sett går av kommunen sine ordinære driftsmidlar, og ved handsaming av enkeltsaker får ein ikkje eit heilheitleg bilete av politisk prioritering av driftsmidlane til kommunen. Slik den økonomiske stoda til kommunen er, vil tilskot til eksterne aktørar medføra ytterlegare krav til innsparingar i årsverk i drifta.

Søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar vert handsama for seg, innanfor eigne retningslinjer og budsjetttrammer.

Søknad om å oppretthalda forskottering til skytebane i Vangdalsåsen

Det er gjort store investeringar i skytebaneanlegget i Vangdalsåsen, og lagt ned svært mykje dugnadsarbeid. Anlegget har allereie fått tilsagn på 4 mnok i spelemidlar, og får truleg 1,5 mnok til. Då budsjettet for 2016 vart utarbeidd, låg utbetaling av spelemidlar til skytebanen ei stund fram i tid. Gjennom politisk vedtak fekk skytterlaga difor tilsagn om forskottering på 1 mnok i 2017 (utbetalt) og 1,5 mnok i 2018 og 2019. På grunn av forseinking i badelandprosjektet og tidlegare gjennomføring av skytebaneanlegget, får skytterlaget utbetalt 2 mnok i juni 2017, og truleg 1 mnok i 2018 og 2019. Skytterlaga søker om at forskotet for 2017 vert oppretthalde, og ikkje trekt frå utbetalinga i juni. Rådmannen foreslår å innfri dette ynsket i tertialen, og heller endra forskotteringa i økonomiplanen. Det vil seia at kommunen ikkje forskotterer noko i 2018, men lar betalinga på 1 mnok gå vidare, og trekkjer forskotet av utbetalinga i 2019.

Søknad om å få tildelt del av salssum frå Steinsdalen skule

Ei rekkje interessantar frå Steinsdalen har bedt om at deler av salssummen for Steinsdalen skule går til tiltak i bygda. Vedlikehald av uteområde og bygningsmasse er gjort på dugnad, og søkjarane meiner at det er rimeleg at bygda får tilført noko av salssummen. I søknaden er det foreslått å bruka midlane til å rusta opp Dalatun.

Ved andre skulenedleggingar, har kommunen hatt tradisjon for å enten overdra skulebygg til bygdalag eller å bruka deler av salssum til tiltak i bygda, som servicebygget på Mundheim. Rådmannen foreslår difor å setja av 0,3 mnok ekskl.mva. til tiltak i Steinsdalen. Midlane kan diverre ikkje nyttast til tilskot til Dalatun, som vert rekna som eit driftstiltak, men må gå til investeringstiltak som t.d. leikeplass, parkområde eller gangbru. Tiltaket bør ikkje medføra særleg auke i vedlikehaldsutgiftene til kommunen. Kva tiltak midlane skal gå til, ynskjer rådmannen å koma fram til i samråd med representantar frå Steinsdalen.

5 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - april

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden januar - april. Vedtaka er innarbeidd i tertialen.

Møte dato	Saksnr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
21.02.2016	HST-008/17	Kjøp av aksjar i Næringsshagen i Hardanger	50.000	Konto 2530002 – Uttak EK Kvam Kraftverk. Innarbeidd i 1. tertialrapport.

6 Økonomisk hovudoversikt - drift

Økonomisk hovudoversikt – driftsbudsjett, endringer i 1. tertial. Tal i 1.000

DRIFTSINNTEKTER		Opph.bud	Budsjett 2017	Endring i 1.	
	Rek 2017, April	2017	etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	tertil
LN01 Brukarbetalingar	8 730	25 615	25 615	34,1 %	0
LN02 Andre sals- og leigeinntekter	23 715	65 091	70 886	33,5 %	5 795
LN03 Overføringer med krav til motyting	19 518	78 646	79 467	24,6 %	822
LN04 Rammetilskot frå staten	105 811	278 874	277 972	38,1 %	-902
LN05 Andre statlege overføringer	18 888	52 736	52 736	35,8 %	0
LN06 Andre overføringer	177	6 380	6 320	2,8 %	-60
LN07 Skatt på inntekt og formue	60 380	216 327	212 778	28,4 %	-3 549
LN08 Eigedomsskatt	20 778	41 300	41 300	50,3 %	0
LN09 Andre direkte og indirekte skattar	70	4 062	4 062	1,7 %	0
LN10 Sum driftsinntekter	B	258 067	769 030	33,5 %	2 106
DRIFTSUTGIFTER		Opph.bud	Budsjett 2017	Endring i 1.	
	Rek 2017, April	2017	etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	tertil
LN11 Lønsutgifter	146 304	405 372	406 882	36,0 %	1 509
LN12 Sosiale utgifter	42 487	110 549	109 901	38,7 %	-648
LN13 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	27 865	93 506	95 264	29,3 %	1 758
LN14 Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	12 817	43 990	44 590	28,7 %	600
LN15 Overføringer	29 363	72 200	74 306	39,5 %	2 106
LN16 Avskrivningar	0	39 984	39 984	0,0 %	0
LN17 Fordelte utgifter	0	-2 996	-2 996	0,0 %	0
LN18 Sum driftsutgifter	C	258 836	762 605	33,7 %	5 325
LN19 BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-769	6 425	3 205	-24,0 %
-3 220					
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER		Opph.bud	Budsjett 2017	Endring i 1.	
	Rek 2017, April	2017	etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	tertil
LN20 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	768	15 904	16 404	4,7 %	500
LN21 Gevinst finansielle instrumenter	0	200	200	0,0 %	0
LN23 Sum eksterne finansinntekter	E	768	16 104	16 604	4,6 %
500					
LN24 Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	10 177	21 561	21 561	47,2 %	0
LN25 Tap finansielle instrumenter	39	200	200	19,5 %	0
LN26 Avdragsutgifter	391	34 120	34 120	1,1 %	0
LN28 Sum eksterne finansutgifter	F	10 607	55 881	55 881	19,0 %
0					
LN29 Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-9 839	-39 777	-39 277	25,1 %
500					
LN30 Motpost avskrivningar	0	39 984	39 984	0,0 %	0
LN31 NETTO DRIFTSRESULTAT	I	-10 608	6 632	3 912	-271,2 %
-2 720					
AVSETNINGAR		Opph.bud	Budsjett 2017	Endring i 1.	
	Rek 2017, April	2017	etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	tertil
LN33 Bruk av disposisjonsfond	0	1 530	4 078	0,0 %	2 548
LN34 Bruk av bundne fond	1 073	15 062	10 378	10,3 %	-4 684
LN35 Sum bruk av avsetningar	J	1 073	16 592	14 456	7,4 %
-2 136					
LN36 Overført til investeringsrekneskapet	0	200	200	0,0 %	0
LN38 Avsetningar disposisjonsfond	0	16 905	11 950	0,0 %	-4 956
LN39 Avsetningar til bundne driftsfond	32	6 119	6 219	0,5 %	100
LN40 Sum avsetningar	K	32	23 224	18 368	0,2 %
-4 856					
LN41 Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	L=I+J-K	-9 567	0	0	0

Kommentar til tabell (tal i 1.000 i tabell):

Sum driftsinntekter er auka med 2,1 mnok i forhold til opphavleg budsjett

LN02 – Inntektene har auka med 5,8 mnok. Erfaringar frå 2016 viste at VA-inntekter frå målarar var kraftig underbudsjettet. Budsjettet er difor oppjustert med 4,7 mnok. Nivået på byggjesaksinntekter er og oppjustert med 0,25 mnok i tertialen. Kommunen har inngått avtale om samarbeidsavtale med Eidfjord og Ulvik om IT-tenester, noko som gjev kommunen 0,9 mnok i inntekter.

LN03 – Refusjonsinntekter er auka med 0,8 mnok. Auka tilskot til flyktningar utgjer 0,9 mnok og kommunen har fått 0,5 mnok i OU-midlar til nytt Lean-prosjekt. Sjukelønsrefusjon har auka med 0,7 mnok og mva.kompensasjon med 0,1 mnok, medan refusjon frå private er redusert med 1,3 mnok som følge av omfordeling innsparingskrav.

LN04 – Inntektsutjamnade rammetilskot (0,7) og ordinært rammetilskot (0,2) er redusert med til saman 0,9 mnok etter budsjettforlik og revidert nasjonalbudsjett. Reduksjonen i inntektsutjamninga kjem som følge av lågare skatteinntekter i landet. Budsjettforliket medførte ein reduksjon i ordinært rammetilskot på 0,7 mnok men i RNB har kommunen fått tilført 0,5 mnok ekstra for å kompensera for endringar i skattereglane, m.a. auka minstrfrådrag på pensjon.

LN05 – Ingen endringar.

LN06 – Ingen større endringar.

LN07 - Skatteinntektene er redusert med 3,5 mnok, i tråd med KS sin prognosemodell.

LN08 – Ingen endringar.

LN09 – Ingen endringar.

Sum driftsutgifter aukar med 5,3 mnok i forhold til opphavleg budsjett

LN11 – Lønsutgiftene viser ein netto auke på 1,5 mnok. Lønssramma til barnehagane er auka med 0,8 mnok pga. fleire born, medan skuleramma er redusert med 0,4 mnok pga. færre elevar. Elles er dei faste lønsutgiftene er redusert med 1,7 mnok i mellombelse og varige innsparing. På den andre sida er det auka i lønsutgifter på 2,4 mnok ettersom innsparingskrav som har lege på lønsskonti, er fordelt på andre rekneskapspostar (m.a. auka inntekter) og ei feilbudsjettering på 0,9 mnok. I tillegg er det foreslått å oppretta eit nytt Lean-prosjekt med 0,3 mnok til frikjøp av Lean-navigatørar.

LN12 - Sosiale utgifter er redusert med 0,6 mnok etter nye prognosar frå pensjonsselskapa.

LN13 – Kjøpet har auka med 1,8 mnok. 0,6 mnok av auken skuldast utgifter til nytt Lean-prosjekt. 1,2 mnok skuldast for høgt innsparingskrav/omfordeling innsparingskrav.

LN14 – Kjøp av private er auka med 0,6 mnok etter intern omfordeling av innsparingskrav.

LN15 – Auken på 2,1 mnok skuldast auke i mva.kompensasjon (0,1 mnok) og utbetaling av spelemidlar til skytterlaga på 2 mnok.

LN16 – Ingen endringar.

LN17 – Ingen endringar.

Eksterne finanstransaksjoner er redusert med 0,5 mnok.

Utbytte frå BKK er auka med 0,5 mnok.

Netto driftsresultat etter 1. tertial er 2,7 mnok dårlegare enn opphavleg budsjett

Fondsdisponeringar

Bruk av fondsmidlar er auka med 2,7 mnok netto. Det er foreslått å redusera avsetning til disposisjonsfond med 7,5 mnok netto, medan bruken av bundne fond (sjølvkostfond) vert redusert med 4,8 mnok.

7 Skjema 1A

Tabellen under viser inntektene og fondsdiskoneringane til kommunen, som vert fordelt på dei ulike rammeområde (Kostra-tema) i skjema 1B. Tal i 1.000. Budsjettendringane er kommentert under «Økonomisk hovudoversikt – drift».

Inntekter og fondsdiskoneringar (i 1.000 kr)	Rekneskap, hittil i år	Budsjett, opphavleg	Budsjett, justert	Forbruk i %, hittil i år	Budsjettendring
1. Skatt på inntekt og formue	60 380	216 327	212 778	28,4 %	-3 549
2. Ordinært rammetilskot	105 811	278 874	277 972	38,1 %	-902
3. Skatt på eigedom	20 778	41 300	41 300	50,3 %	0
4. Andre direkte eller indirekte skatter	70	4 062	4 062	1,7 %	0
5. Andre generelle statstilskot	18 888	52 736	52 736	35,8 %	0
6. Sum frie disponible inntekter	205 927	593 299	588 848		-4 451
7. Renteinntekter og utbytte	768	15 904	16 404	4,7 %	500
8. Gevinst finansielle instrumenter	0	200	200	0,0 %	0
9. Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	10 177	21 561	21 561	47,2 %	0
10. Tap finansielle instrumenter	39	200	200	19,4 %	0
11. Avdrag lån	391	34 120	34 120	1,1 %	0
12. Netto finansinntekter / -utgifter	-9 838	-39 777	72 484	-13,6 %	500
13. Til dekning av tidlegare underskot	0	0	0	#DIV/o!	0
14. Til ubundne avsetningar	0	16 905	11 950	0,0 %	-4 955
15. Til bundne avsetningar	32	6 119	6 219	0,5 %	100
16. Bruk av tidlegare overskot	0	0	0	#DIV/o!	0
17. Bruk av ubundne avsetningar	0	1 530	4 078	0,0 %	2 548
18. Bruk av bundne avsetningar	1 073	15 062	10 378	10,3 %	-4 684
19. Netto avsetningar	1 040	-6 432	32 625	3,2 %	-6 991
20. Overført til investeringsrekneskapet	0	0	200	0,0 %	200
21. Til fordeling	197 129	546 890	545 659	36,1 %	-1 231
22. Sum fordelt (skjema 1B)		546 890	545 659		
23. Rekneskapsmessig meirforbruk(+)/ mindreforbruk(-)	197 129	0	0		-1 231

8 Skjema 1B

Tabellane under viser korleis midlane frå skjema 1A er fordelt på Kostratema for Kvam herad.

Normalforbruket per 1. tertial er 36,8% på fastløn og 33,3% for jamne utgifter. På grunn av at dei store utgiftene og inntektene ikkje kjem jamleg gjennom året, vil forbruksprosenten ofte avvika frå normalforbruket.

Sosiale utgifter og avskrivning vert presentert i eigen tabell, då dei som regel fordeler seg på dei fleste rammeområde, og ikkje er noko dei budsjettansvarlege påverkar direkte. Tal i 1.000.

8.1 Fordeling per Kostra-tema, eksl. sosiale kostnader og avskrivning

	Regnskap, hittil i år	Budsjett, opphavleg	Budsjett, justert	Forbruk i %, hittil i år	Budsjett- endring
ALLE	163 886	396 357	395 774	41	-583
Finans og fellespostar	8 525	-46 524	-40 391	-21	6 133
Styring og kontrollverksemd	896	4 733	4 733	19	0
Administrasjon	11 345	28 991	27 909	41	-1 083
Barnehagar	17 833	49 119	49 687	36	568
Grunnskuleopplæring	36 621	102 779	103 368	35	588
Kommunehelse	7 339	24 676	24 889	29	213
Pleie og omsorg	55 015	130 691	127 334	43	-3 357
Sosialeteneste	10 413	30 041	30 041	35	0
Barnevern	4 947	15 130	14 594	34	-536
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-4 392	-6 042	-10 810	41	-4 768
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	2 526	9 042	8 740	29	-303
Kultur	7 527	18 272	20 002	38	1 730
Kyrkja	2 154	5 622	5 622	38	0
Samferdsel	2 542	7 636	7 706	33	70
Bustad	-3 725	-10 112	-9 952	37	160
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	2 631	19 980	19 980	13	0
Brann- og ulykkesvern	1 683	7 821	7 821	22	0
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	7	4 501	4 501	0	0

Finans og fellespostar er redusert med 6,1 mnok på grunn av at tidlegare innsparingskrav har vore ført på dette tema, i tertialen er fordelt ut på dei andre Kostra-temaene.

Administrasjon er redusert med 1,1 mnok på grunn av fordelt innsparingskrav og auka inntekt på vel 1,5 mnok og auka med netto 0,5 mnok til nytt Lean-prosjekt.

Barnehagar har auka ramma med 0,6 mnok til auka utgifter på grunn av høgare barnetal.

Grunnskuleopplæring har ei auka ramma på 0,6 mnok der 0,4 mnok er korrigering for korrigert dubla innsparingskrav, og 0,2 mnok er omfordeling av innsparingskrav.

